

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 09.05.2018
Vår ref.: 201833467-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 06.04.2018
Dykkar ref.: 14/1235

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si fråsegn til offentlig ettersyn av områdereguleringsplan for Alversund - Del av Gnr 137 og 138 - Planid 1263-200902 - Lindås kommune

Vi syner til brev datert 06.04.2018. Saka gjeld offentlig ettersyn av områdereguleringsplan for Alversund. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for ny barneskule med fleirbrukshall, aktivitetsområde, og tilhøyrande infrastruktur.

ROS-analysen konkluderer på bakgrunn av aktsemdkart at det ikkje er skredfare i planområdet. NVE meiner at det bør gjerast ein noko grundigare jobb for å vurdere dette. Hellingskart som er tilgjengeleg på www.hoydedata.no syner at det er skråningar som er bratte nok til at skred kan lausne. Til dømes finn vi ein ca. 20 m høg skråning over BOP3 og BIA der det er bratt nok til at både jordskred (25-45 grader) og snøskred (30 – 60 grader) kan lausne. Ein kan heller ikkje utelukke kjeldeområde for steinsprang (60-90 grader). Ut frå dette vil NVE rå til at fagkyndige vurderer skredfaren og om naudsynt utarbeider faresonekart der skredfaren vert kvantifisert i samsvar med Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3 sine akseptkriterium.

I følge føresegnene pkt. 2.7.1 skal område med helling over 40% vurderast nedtanke på steinsprang og skredfare. Det heiter vidare at detaljreguleringsplan av delområde, eller tiltak i område med helling over 40%, skal omfatte ei ras- og skredfarevurdering utført av fagkyndig med geologisk/geoteknisk kompetanse.

NVE meiner det er akseptabelt å utsette detaljert vurdering av skredfare til detaljreguleringsplanarbeidet slik det er lagt opp til i føresegnene. ROS analysen bør likevel fange opp at det er areal i planområdet med potensiell skredfare og kartfeste desse. Areal der ein ikkje kan utelukke skredfare skal syne i plankartet med omsynssone Ras- og skredfare.

NVE har utarbeidd ei [prosedyreskildring](#) for identifisering, vurdering og kartlegging av skredfare i bratt terreng ved utarbeiding av arealplanar. Til prosedyreskildringa er det knytt to rapportmalar. Rapportmal 1 kan nyttast til å dokumentere areal med potensiell fare. Dette arbeidet kan gjerast utan særskilt geofagleg kompetanse. Link til rapportmalen er å finne i prosedyreskildringa.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Ved utbygging av B2 må ein særleg sjå til at overvatn ikkje blir handtert på ein måte som aukar skredfaren i skråninga nedanfor.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland